



Direktoratet for Byggkvalitet
Postboks 8742, Youngstorget
0028 OSLO

Vår ref:

Sak: 26/7942 JpID: 26/30324 Sbh: AFP

Dykkar ref.

Dato:

14.06.2026

Behov for justering av Tek 17 kapittel 7 - forenkling av regelverk

Kommunane Stad, Stryn, Gloppen og Bremanger viser til byggteknisk forskrift (TEK17), kapittel 7 om tryggleik mot naturfare, og kapittel 1 om bruken av forskrifta .

Med bakgrunn i erfaring frå byggesakshandsaming ser vi behov for å synleggjere ei problemstilling knytt til krav til tryggleik mot skred for «mindre og ubetydelige tiltak».

Slik forskrifta er utforma set den uforholdsmessige krav knytt til å dokumentere tilfredsstillande tryggleik. Slik forskrifta er utforma utfordrar den nasjonale mål om:

- forenkling i byggesaksprosessar
- effektiv ressursbruk i kommunal forvaltning
- reduserte kostnader for innbyggjarar og næringsliv

Vi ber difor direktoratet vurdere å gjere naudsynte justeringar i forskrifta slik det er skissert nedanfor.

Forståing av forskrifta:

Vidt verkeområde – avgrensa differensiering

TEK17 § 1-2 gir forskrifta et vidt verkeområde, og omfattar byggverk, konstruksjonar og anlegg. Dette inneber at også mindre tiltak – til dømes, enkle stiar og mindre terrenginngrep fell inn under forskrifta.

Samtidig set § 7-3 tryggleikskrav for skred basert på klasser S1–S3, utan:

- eigen kategori for tiltak med ubetydelig konsekvens
- unntaksbestemmelser for tiltak utan opphald eller personrisiko

Vi ser at ovannemnde medfører uforholdsmessige utslag i praksis:

- at tiltak innanfor omsynssone for skred utløyser krav til vurdering
- at krav i § 7-3 vert lagt til grunn også for svært små tiltak

- at det i mange tilfeller vert krav om fagkyndig skredfaglig utredning

Dette gjeld sjølv om tiltaket ikkje har funksjon som opphaldsplass, eller at konsekvensen ved skred er minimal, eller at tiltaket ikkje påverkar skredfaren.

Slik regelverket er utforma fører regelverket til uforholdsmessige kostnader for tiltakshavarar.

Det fører til:

- unødig bruk av fagressursar
- auka sakshandsamingstid og ressursbruk i kommunane
- risiko for ulik praksis mellom kommunar

Etter vårt syn er dette ikkje i tråd med statlege mål om forenkling og effektivisering.

Behov for justering:

Problemstillinga har samanheng med at det er eit misforhold mellom:

- eit vidt bruksområde av kapittel 1
- og et klassesystem i kapittel 7 som føreset tiltak med reell konsekvens

Vi meiner det er behov for ei tydelig avklaring, for å sikre eit meir forholdsmessig og praktisk anvendbart regelverk.

Framlegg til løysingar:

Alternativ 1 – Innføring av tryggleiksklasse S0:

S0 kan definerast som tiltak med ubetydeleg konsekvens ved skred:

Føremålet ved endringa er å gje plass innanfor systemet for tiltak som:

- ikkje inneber opphald av personar
- ikkje utgjør fare for liv og helse
- har ubetydeleg konsekvens ved skred

Effekt av ny tryggleiksklasse S0:

- Endringa kan integrerast i eksisterande klassesystem (S1–S3)
- Den gir klar og tydeleg rettsleg forankring
- Det reduserer behovet for fagkyndige utgreiingar i mindre/ubetydelege tiltak
- Aukar føreseielegheit både for kommunar og tiltakshavar
- Systemlogikken i TEK17 vert vidareført

Den nye tryggleiksklassa krev likevel ei utdjupeing av kva som er “ubetydeleg konsekvens”. Det vil også vere behov for rettleiing for å sikre lik praksis.

Alternativ 2 – Unntaks regel i kapittel 1

Utfordringa kan også løysast ved å innføre eit tillegg, til dømes: *Krav i kapittel 7 gjeld ikkje for tiltak der konsekvensen av natur fare er ubetydeleg, og der tiltaket ikkje omfattar opphald av personar.*

Effekt av unntaks regel:

- Klargjer forskrifta sitt materielle bruksområde
- Reduserer behov for å anvende kapittel 7 i lite relevante saker
- Gir fleksibilitet i vurderinga
- Kan gi betydelig forenkling i byggesakshandsaming

Moglege utfordringar er at ein slik regel opnar for større grad av skjønn og det dette også kan føre til ulik praksis. Denne måten å løyse utfordringa kan vere mindre systematisk enn ei klasseløysing.

Alternativet vil gje auka fleksibilitet og forenkling, men vil også innebere risiko for mindre føreseielegheit og meir variasjon i praksis.

Oppsummering og tilråding:

Begge alternativa vil medverke til å utdjupe eit regelverk og dermed gjere det meir forståeleg i bruk. Det er svært viktig å ha eit regelverk som tar omsyn til forholdsmessigheit i ulike tiltak.

Vår vurdering er at tryggleiks klasse S0 (alternativ 1) vil gi den mest føreseielege og langsiktige løysinga. Dette fordi løysinga bygger vidare på etablerte prinsipp i TEK17 og dermed gir tydelegare rettsleg avklaring. Etter vår vurdering gir den også eit betre utgangspunkt for å redusere bruken av skjønn.

Med venleg helsing

Astrid Fossheim Paulsen
kommunalsjef areal og eigedom

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Ver venleg å oppgje referansenummer 26/30324 dersom du tek kontakt med oss.

Kopi til:

Bremanger kommune v/ Karl
Vidar Førde
Gloppen kommune v/ Torbjørn
Brandsæter
Jon B Nesje

Kopi til:

Roar Sætre

Statsforvaltaren i Vestland v/
Kornerud, Svein